




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sunndal vgs

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	6
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	7
4. Skoleårsresultat	8
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	8
4.2 Karaktersnitt	10
4.3 Fråvær	11
4.4 Elevar som har slutta	11
4.5 Overgangar	13
5. Leiling og profesjonsutvikling	14

1. Rektor har ordet

Sunndal vidaregåande skole hadde 209 elevar ved skolestart hausten 2024 innafor både yrkesfaglege retningar og studieforbereidende linjer. Skulen kan for skoleåret 2024–25 vise tel gode gjennomføringstal sjølv om skulen har en omstilling i elevmassen. Skulen hadde så mykje som 40 elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Ser ein på inntakspoenga til våre elever på VGI ser vi at skulen har gjort en formidabel innsats for at flest mogleg skal lære best mogleg og fullføre si opplæring. Ein stor takk til elevar, føresette og lærarar for den gode innsatsen.

Skulen hadde også en klasse grunnleggande norskopplæring for flyktningar, noko som vart utvida med ein ekstra klasseressurs frå nyttår. Totalt 30 elever innenfor dette tilbodet. Tett samarbeid med Sunndal kommune har gjort dette tilbodet til ein stor suksess.

I samarbeid med lokalt næringsliv og offentlege verksemder legg vi til rette for at opplæringa for alle elevane skal opplevast med ei praksisretta tilnærming som er relevant i høve til arbeidslivet. Yrkesfagelevane gjennomfører delar av opplæringa på arbeidsplassar som er relevant for utdanninga.


Av utviklingsarbeid kan vi trekke fram skulens handtering og bruk av KI. Her ligg skulen langt fremme med gode pedagogar som finn gode løysningar på kordan både elevar og lærarar kan bruke verktøyet på en hensiktsmessig og utviklande måte. I tillegg har skulane på indre Nordmøre eit tett fagsamarbeid som sikrar eit velfungerande praksisfellesskap.

Øystein Bråthen
Rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	30,3
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,5 (5 ansatte)
Tal på årsverk andre tilsette	2,67



Figuren viser organiseringa av Sunndal vgs. Fire avdelingsledere som kvar har ansvaret for sine ansatte. Ledelsen ved skolen var 5 personer fordelt på 3,5 årsverk. Frå 01.01.24 vart renhold overført til BYE som medførte at skolen fikk redusert årsverk andre tilsette fra 5,5 til 1,0 stilling.

Ved skolen var det 40 ansatte. Av disse var 65% damer og 35% menn.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	26	22	25	73
Teknologi og industrifag	29	28		57
Elektrofag	11	13		24
Helse og oppvekstfag	18	12		30
Bygg og anleggsteknikk	5			5
Påbygging til generell studiekompetanse			20	20
Total	113	77	19	209

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	40
---	----

Elevgrunnet er utfordrende på Nordmøre. I Sunndal er elevtalet i grunnskolen også synkende og gir skolen nokre utfordringar i årene framover. Tilbudsstrukturen ved skolen må være slik at vi har gode og robuste linjer som gir elevane gode moglegheiter, og samtidig held på det gode samarbeidet med næringslivet. Og dette samarbeidet med næringslivet gir seg også utslag i søkjarmassen til skolen vor det var teknologi og industrifag som var den store vinnaren med hele 28 elever inne på VG1. Det var også god oppfylting på dei fleste av skulens tilbod.

I tillegg hadde skulen to oppfylte klasser med grunnleggande norskopplæring (GNO). Et tilbod til elever som kom til Noreg etter søknadsfristen og skulle gje elevane eit godt grunnlag for vidare vidaregåande opplæring. Skulen hadde jamn tilstrøyming av elever inn og ut av klassane gjennom året med eit tett samarbeid med mottak for einslege mindreårige.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	17,2%	19,1%	9,3%
0 - 25	5,4%	7,9%	3,0%
25 - 30	11,8%	7,9%	5,5%
30 - 35	18,3%	20,2%	11,5%
35 - 40	17,2%	20,2%	17,2%
40 - 45	16,1%	14,6%	21,7%
45 - 50	7,5%	3,4%	18,2%
Over 50	6,5%	6,7%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sunndal vgs	39,2	38,0	39,5	36,7	35,9
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karakterane frå grunnskulen viser at elevane som startar på Sunndal vgs har eit betydeleg lågare grunnskulesnitt samanlikna med fylket. Denne utviklinga ser ein også bakover i tid. En ser også at gutane har betydeleg lågare poengsnitt enn jentene. Det er også bekymringsverdig at så mye som 20 % av elevane som startar ved skulen ikkje har grunnskulepoeng.

Det er difor særst gledeleg at så mange av våre elevar fullfører og består si utdanning ved skulen.

Om en ser mot fullførte og bestått ser en også tendensar til at det er gutane som slit mest med å fullføre og bestå, og gutane har også lågare karakterar samanlikna med jentene.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga viser at elevane ved skulen i stor grad trivs og er fornøgde med læringskulturen ved skulen. Dei gir også uttrykk for gode faglege utfordringar med god støtte frå lærarane.

Undersøkinga viser også ei positiv utvikling innanfor vurdering for læring ved skulen. Skulen ser også at vi bør jobbe meir systematisk med læringsmiljøet og det forebyggande arbeid slik at alle elevar føler seg inkludert.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	0
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Resultatet av elevundersøkinga skoleåret 2024/25 viser i all hovudsak at elevane føler seg trygge og trivs på skolen. Den samla scoren for læringsmiljø viser at skulen hevder seg rundt snittet til fylket på alle trinn, men at elevane på VG1 er mest usikre.

Skolen har rutinar for varsling og oppfølging av brot på elevane sitt arbeidsmiljø og handsamar dette etter gjeldande reglar. Skulen starta skoleåret 2024-25 med VIP-makkerskap med ønske om eit meir strukturert plan før det forebyggande arbeidet.

Dersom det blir oppdaga eit utrygt skulemiljø, eller mistanke om utrygt skulemiljø før nokon elevar har skulen eit velfungerande R-team og SIM-gruppe som raskt skal gripe fatt i arbeidet.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	2
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	0

Skulen har fått opp engasjementet og trykket i elevrådsarbeidet. Skulen hadde eit elevråd som i skuleåret tok ansvar for aktivitetsdagar, innsamlingsaksjonar og bidrog til å heve skulemiljøet.

Resultatet av elevundersøkinga skoleåret 2024–25 viser at elevane meiner det er ein god læringskultur ved skolen. Alle elevar ved skolen gjennomfører elevundersøkinga. Alle elevar evaluerer minst ein lærar ved undervisningsevalueringa. Leiarane følgjer opp med medarbeidarsamtalar knytt til resultata frå undervisningsevalueringa. Det er arbeid i tilrettelagte økter (seksjonstimar) avdelingsvis slik at ein saman kan reflektere over pedagogisk praksis for å utvikle læringskulturen.

Elevane har også vært veldig dyktig til å ha ei inkluderande avgangsmarkering. Skulen kjøper felles russegensera til alle avgangselevar slik at alle skal føle seg inkludert i same gruppe.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	88,0 %
--	--------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Teknologi og industrifag	93,1 %	92,9 %		93,0%
Helse- og oppvekstfag	77,8 %	100 %		86,7%
Elektro og datateknologi	72,7 %	92,3 %		83,3 %
Studiespesialisering	84,6 %	90,9 %	92,0 %	89,0%
Bygg og anleggsteknikk	60%			60%
Påbygning			85 %	85 %
Total				88,0 %

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sunndal vgs	94,5%	87,8%	88,2%	84,7 %	88,0 %
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%


4.1.4 Skolen sine kommentarer og analyse

Skulen er veldig fornøgd med gjennomføringstala før skulen. Vårt gjennomføringstal på 88,0% står seg godt mot skulens forventningsindikator på 79,8 % (sjå tabell under). Dette viser at skulen har jobba målretta med elevane ved skulen.

Dei fleste av elevane som ikkje fullfører og består er elevar som sluttar. Dette er i stor grad elevar som blir busatt i kommunen for så å måtte flytte.


Andel F&B og bestått deltid og forventning - utvikling over tid

Merk: y-aksen starter ikke på 0.



Andel F&B og bestått deltid - utvikling over tid

Merk: y-aksen starter ikke på 0.



4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Teknologi og industrifag	4,20
Helse- og oppvekstfag	4,30
Elektro og datateknologi	3,92
Studiespesialisering	4,23
Bygg og anleggsteknikk	4,03
Påbygning	3,88

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sunndal vgs	4,11	4,05	4,04	4,14	4,16
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarer og analyse

Skolen har et veldig stabilt karaktersnitt. Skolen har også store forskjeller i karaktersnittet på skolens yrkesfaglege retningar. Helse og oppvekstfag er det programmet som har høgst karaktersnitt.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	9,3	20,7	7,2 %
Vg1	8,4	16,9	6,2 %
Vg2	8,8	19,2	6,7 %
Vg3	11,9	29,9	9,8 %

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sunndal vgs	2,6 %	2,1 %	6,4 %	10,1 %	7,2 %
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet på skulen er for høgt og dette er noko som skulen tar på alvor. Skulen ser uansett ein positiv framgang for skoleåret 2024-25. Fråværet er også høgt både på fylkesnivå og nasjonalt nivå.

Nye fråværsreglar vil nok gjøre at fleire elevar møter til undervisning.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024-25

Prosent	Tal
6,2 %	13

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Skriv inn namn på skole	2,5%	3,8%	2,8%	2,9%	6,2%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har ei betydeleg økning i antall elevar som sluttar. Dette er nok i all hovudsak elevar som må slutte i skuleåret på grunn av busetning i annan kommune. Vi har også elevar som har måtte avslutte si utdanning på grunn av opphald i landet.

4.5 Overgangar

Sunndal vgs har et sterkt og velfungerende samarbeid med nærskulen. Ungdomsskolen på Sunndal er lokalisert på nabotomta til Sunndal vgs, så alt ligger til rette for eit velfungerande samarbeid. Skulane har faste overgangsmøter for å sikre ein best mogleg overgang, spesielt for elevar med særskilte behov. Elevgruppene på ungdomsskolen besøker vgs fleire gonger i løpet av eit skuleår og vil være godt kjent med skulen før dei startar her.

Skulen gjennomfører møte med PPT ein gong i veka, og PPT er tilgjengeleg ein dag i veka for oppfølging av elevar og kan samarbeide med skulens personal.

Det lokale næringslivet er svært tett på skolen og bidrar til vår gode søking til yrkesfag. De stiller med praksisplassar, deltar i fagutviklinga på skolen, samarbeider om praksiskandidatløp for vaksne og overtar mange av våre elever innanfor yrkesfag som lærlingar. I tillegg til dette er lokale aktørar viktige diskusjonspartnarar for skolen i skolens strategi for tilbod og dimensjonering av tilbod.

Sunndal kommune er ein meget viktig samarbeidspartnar for skolen. Kommunen ivaretar skolens behov for yrkespraksis og er en aktiv partner for utvikling av skolen tilbod. I tillegg søker mange av våre elever vidare på lærlingplass i kommunen etter to år i skole på våre yrkesfaglege retningar under helsefag

5. Leiing og profesjonsutvikling

Gjennom skuleåret har KI og vurderingspraksis vært satsningsområda til skulen. Saman med Tingvoll og Surnadal vgs har skulen hatt eit felles samarbeid for å styrke fagseksjonane på tvers av lokalitetane. Skule gjennomførte felles fagdagar i samarbeid med høgskolen i Volda. I tillegg har vi hatt stort fokus på delingskultur mellom skolane, noko våre pedagogar har gitt god tilbakemelding på.

Skolen deler rektor med Tingvoll VGS og har eit samarbeid med Surnadal VGS om en merkantilressurs.

Skolen har gjort en nedbemanning av merkantile og ikkje pedagogiske stillingar. Dette har sjølv sagt vært kravande, men nødvendig med de økonomiske rammene som skulen har. I 2024 var Sunndal vgs en av få skuler med mindreforbruk. Dette har vært et viktig fokus for skolens leiing og har ved inngangen til nytt skuleår gitt skulen handlingsrom til organisering av tilbod for elevane.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no